



På Drevtjørn Sk-i og tursenter, skianleggget til Ulvik IL frå 1990, 350 m.o.h., 9 km frå Ulvik sentrum på vegen over høgda mot Granvin -Voss har Ulvik IL hatt eit stort arbeid i gang. Eit 800 m langt langrenn-ski-sykkelkrossanlegg på stadionområdet, tileigna dei unge.

I tillegg har me ferdigstilt, det me kallar "rullatortortrassén". 1 m brei, 2km lang. Midt i løypa i dei lettaste partia av den 5 km lange ljosløypa. Vert fylt med pukk og hardpakka grus på toppen. Startar ved parkeringsplassen. Tilpassa gåande, syklande, dei med barnevogn, dei med rullestol, ja alle. Langsmed grustraséen vert det benker, gapahuk og bålpanne tilgjengeleg. Gled deko!

Ja, me vil få til ein trykknapp der du kan få ljós på ei viss tid for turen din ein haustkveld . Stor dugnadsinnsats i UIL , det er ein del av kulturen i laget vårt. Snøsikkert anlegg.

Me vil gje dei unge ein god start i livet og gje dei vaksne og andre eit godt tilbod om aktivitet. Også sommarstid. Drevtjørn heile året!

FOLKEHELSE er vårt ord på dette.

Takk til Ulvik Herad som står drifta av anlegget vårt. Og til velvillige grunneigarar. Stor takk til dei som hjelper med finansieringa på dette prosjektet. Spelemidlar, og ikkje minst Sparebankstiftinga Hardanger og Sparebanken Vest med store gåver. Takk til Skiforbundet ved Marianne Myklebust (planleggjar) og Marit Gjerland (anleggsrådgjevar) som vederlagsfritt har planlagt dette og motivert oss. Ulvikbygda og nærbymdene er velkomne.

Me i Ulvik IL brenn for fysisk aktivitet.  
Og eit godt samfunn for alle.



